

# REKRUTTERE, LÆRE OPP OG TA VARE PÅ FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR



-HANDLINGSPLAN-

## SOKNA I SOGNDAL KOMMUNE

KORTVERSJON



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Sogndal

## Handlingsplanen har følgjande mål og tiltak

### MÅL

Fleire skal kjenne glede over å vere med i frivillig arbeid og frå eigarskap til aktiviteten i kyrkjelyden.

Vi skal ha nok frivillige til å utføre dei oppgåvene sokneråda har, på ein god måte – og handlingsrom til å setje i gang nye planlagde oppgåver.

### TILTAK

#### Rekruttering

Vi skal utarbeide ein rettleiar for rekruttering.

Vi skal utarbeide rutineskildringar for alle oppgåver som vert utført av frivillige.

Vi skal lage organisasjonskart for dei ulike tenestene og prøve ut ei ordning med frivillige gruppe-leiararar for dei ulike tenestene.

Vi skal greie ut korleis vi kan rekruttere fleire ungdomar.

#### Opplæring

Vi skal ha god opplæring før ein frivillig medarbeidar tek til i tenesta, og alle frivillige skal ha ein kontaktperson.

Gruppeleiaren vert følgd opp månadleg med ein telefonsamtale eller anna kontakt. Staben held halvårige/heilårige møte med alle gruppeleiarane på tvers av sokna med opplæring, gjennomgang av rutineskildringar mm. Gruppeleiarane eller sokneråda kan ha møte med sine frivillige medarbeidarar etter behov – t.d. etter fellesmøta.

Kurs utover dette vert vurdert etter behov og tilgjengelege ressursar.

### **Følgje opp og ta vare på**

Felles årleg medarbeidarfest for alle frivillige medarbeidarar. Frivillige medarbeidarar vert særskilt inviterte til sokneråda sine årsfestar (årsmøte).

Sommarhelsing med takk for innsatsen, julehelsing og takk ved avslutting av engasjement.

Forbøn i gudstenesta for dei frivillige og det frivillige arbeidet.

Framsnakking og presentasjon av frivillig medarbeidarskap skal skje på samlingar som gudstenester (kunngjeringsplass), kyrkjekaffi, salmekveldar, kvardagstru, juletefest, kyrkjelydstur, kyrkjegardsdugnad og basarar.

Tiltaka skal vere sette i gang i løpet av 2019/2020.

## **Velkommen til gudsteneste!**

Visste du at i Noreg - same kva søndag det er - så går det fleire til kyrkje enn det går folk på eliteseriekampar same dag?

Kom til kyrkja! Mange opplever at gudstenesta kan gi både inspirasjon, glede, støtte og utfordring - noko å leve på i lang tid framover.

**Som frivillig i kyrkjelyden, vert du bedt for og rekna med i det som skjer i gudstenesta.**